

# KONKURRANSEGRUNNLAG

Anskaffing etter del I

for anskaffing av

Trafikk- og vindanalyse for Andenes

22/2821

1	GENERELL SKILDRING .....	3
1.1	Om oppdragsgivar .....	3
1.2	Anskaffingas formål og omfang .....	3
1.3	Kontraktvilkår .....	3
1.4	Deltilbod .....	3
1.5	Viktige datoar og tidsfristar .....	3
2	REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN .....	4
2.1	Anskaffingsprosedyre .....	4
2.2	Offentlegheit og teieplikt .....	4
2.3	Vedståingsfrist .....	4
2.4	Oppdatering av konkurransegrunnlaget.....	5
2.5	Tilleggsopplysingar .....	5
3	TILDELINGSKRITERIUM .....	5
4	Innlevering av tilbod og tilbodsutforming .....	6
4.1	Innlevering av tilbod .....	6
4.2	Utforminga av tilbodet .....	6
5	Vedlegg.....	6

# 1 GENERELL SKILDING

## 1.1 Om oppdragsgivar

Andøy kommune er oppdragsgivar. Det er avdeling for samfunnsutvikling som er ansvarleg for prosjektet og Kristina Hjohlman Reed er prosjektleiar for analysearbeidet.

For meir informasjon sjå kommunen si nettside: [www.andoy.kommune.no](http://www.andoy.kommune.no)

Oppdragsgivar sin kontaktperson er:

Namn:	Kristina Hjohlman Reed
e-post	kristinahjohlman.reed@andoy.kommune.no

All kommunikasjon med oppdragsgiver skal skje gjennom Mercell. Dette gjelder også spørsmål og svar.

## 1.2 Anskaffingas formål og omfang

Formålet med anskaffinga er å inngå kontrakt om kjøp av konsulentbistand for utarbeiding av trafikk- og vindanalyse for Andenes i Andøy kommune.

Ei skildring av anskaffinga, formål og omfang følgjer av vedlegg 1 - kravspesifikasjon.

## 1.3 Kontraktvilkår

Kontrakten blir regulert av kontraktsvilkåra i NS8402:2010.

## 1.4 Deltilbod

Det er ikkje tilgang til å gi tilbod på deler av oppdraget.

## 1.5 Viktige datoar og tidsfristar

Oppdragsgivar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	25.11.22
Tilbodsfrist	02.12.22, kl 12.00
Tilbodsopning	05.12.22, kl 10.00
Evaluering og eventuelle forhandlingar	Veke 49
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	9.12.22

Kontraktsinngåing	12.12.22
Vedståingsfrist for tilbodet	19.12.22
Leveranse	01.03.23

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

## **2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN**

### **2.1 Anskaffingsprosedyre**

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I. Den anslåtte verdien til denne anskaffinga er mellom kr 100 000 ekskl. mva. og kr 1,3 mill, og er fritatt frå kunngjeringsplikt.

Oppdragsgivar planlegg å tildele kontrakt utan å ha kontakt med leverandørane utover å gjere eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar av tilboda. Forhandlingar kan likevel bli gjennomførte dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som føremålstenleg. Utveljinga vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

Leverandøren blir på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt via mercell.

### **2.2 Offentlegheit og teieplikt**

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentleg anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

### **2.3 Vedståingsfrist**

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er oppgitt i pkt. 1.5 ovanfor.

## 2.4 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert sin interesse for anskaffinga i Mercell.

## 2.5 Tilleggsopplysingar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, eller er uklare, kan leverandøren be om tilleggsopplysingar via Mercell.

Dersom det vert oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, bes det om at dette vert formidla til oppdragsgivar via Mercell.

# 3 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris kompetanse og erfaring med tilsvarande oppdrag og oppdragsforståing, basert på desse kriteria:

Kriterium	Dokumentasjon	Vekt
Pris	Ferdig utfylt prisskjema	30%
Kompetanse og erfaring med tilsvarande oppdrag	Kortfatta CV for kvar av konsulentane som tilbys.  Liste med oversikt og skildring av leverandørens 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra med kunde/mottakar, skildring av firmaets rolle, oppdragets verdi, tidspunkt for leveransen, kort skildring av leveransen.  Skildringa skal være på inntil to A4 sider.	40%
Oppdragsforståing	Skildring av korleis konsulenten forstår oppdraget, og korleis oppdraget er tenkt løyst.  Skildringa skal omfatte <ul style="list-style-type: none"><li>• prosess</li><li>• detaljeringsnivå for<ul style="list-style-type: none"><li>- analysane</li><li>- tiltak</li><li>- anbefalingar</li></ul></li></ul>	30%

## **4 Innlevering av tilbud og tilbudsutforming**

### **4.1 Innlevering av tilbud**

Frist for innlevering av tilbud er 02.12.22, kl 12.00, jf. Pkt. 1.5. Tilbudet skal leverast i mercell før utløp av tilbudsfristen.

### **4.2 Utforminga av tilbudet**

Det blir bedd om at tilbudet blir utforma i samsvar med den disposisjonen som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Leverandør er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt blir svarte på / belyste og dokumenterte i tilbudet.

Tilbudet skal utformast med denne disposisjonen:

- Signert og utfylt tilbudsbrief. (Ligg vedlagt.)
- Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra.
- Kortfatta CV til konsulentane som vert tilbydd.
- Løysingsspesifikasjonen til leverandøren. Leverandøren sitt svar på kravspesifikasjonen til oppdragsgjevar med etterspurd dokumentasjon.
- Utfylt prisskjema

## **5 Vedlegg**

Vedlegg 1: Kravspesifikasjon

Vedlegg 2: Tilbudsbrief

Vedlegg 3: Prisskjema

Vedlegg 4: Kommuneplanens arealdel, plankart, planbeskrivelse og bestemmelser

Vedlegg 5: Andenes havn - plankart, bestemmelser og trafikkanalyse

Vedlegg 6: Detaljregulering Kongshaugveien - plankart, planbeskrivelse og bestemmelser

Vedlegg 7: RV82 - MILJØGATE ANDENES - plankart og bestemmelser

Vedlegg 8: The Whale - plankart, planbeskrivelse, bestemmelser og trafikkanalyse

Vedlegg 9: Trafikksikkerhetsplan perioden 2022-2025.

Vedlegg 10: Varsel oppstart av planarbeid Andenes brannstasjon

Vedlegg 11: Varsel oppstart av planarbeid omsorgsboliger Andenes